



Bjørn Ove Aaen Martinsen
TITLAND
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2039 - 22/42269

Saksbehandlar:
Svein Arne Vagane

Dato:
01.06.2022

Løyve til bygging av landbruksveg på gbnr. 129/1 - Titland Søndre

Administrativt vedtak: Saknr: 621/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Bjørn Ove A. Martinsen løyve til bygging av omsøkt veg på gnr. 129/1 og 2 Titland Søndre.

Vilkår:

Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogast og Vestland fylkeskommune varslast.

Vegen skal byggjast slik den er søkt om.

Løyver, fullmakter og eventuelt naudsynte nabovarsel må vere til stades før bygging kan setjast i gong

Vedtaket er gyldig til 01.06.2025

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015-05-28-550 planlegging og godkjenning av landbruksvegar § 3-2.

Saka gjeld

Bjørn Ove A. Marthinsen søker om løyve til å byggje om lag 525 m skogsveg i vegklasse 7 (traktorveg) på gbnr. 129/1. Vegen gjev tilkomst til skog (90%) og utmark (10%). Kostnaden er vurdert til kr. 500.000,-.

VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier» er å sikre at planlegging og bygging av slike vegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløyser. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar med meir som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av vegen.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og i ein større samanheng.

Ved søk i Naturbasen og Artsdatabanken er det ikkje gjort funn i eller kring den planlagde vegtraséen.

Saka har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune – kultur. Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune har ikkje kome med attendemelding. Vestland fylkeskommune har ikkje avgjerande merknader til søknaden utover at ved arbeidet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tuffer og liknande.

Fylkeskommunen gjer òg merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Om ein under arbeidet med vegen kjem over automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune ved kulturavdelinga og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2039

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge

Svein Arne Vågane

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Ove Aaen Martinsen

TITLAND

5912 Seim